



Bjarne Lilleaas leiar idrettslaget (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kva vil vi og kva maktar ei bygd som Uskedalen med å eiga og drifta dei mange kultur og idrettsanlegga? Dette var spørsmål som vart drøfta på møtet i Uskedalen Utvikling.

Interessa var stor og synspunkta mange.

Alle var samde om ei forenkling, eit tettare samarbeid med kommunen og det å ha meir fokus på aktivitetane enn det å eiga og drifta anlegg.

Innleiarane var Bjarne Lilleaas (Idrettslaget) og Bjørn Olav Tveit (Aktivitetshuset).

Kristian Bringedal la fram ein oversikt som syner kva ulike lag eig og har ansvaret for i dag.

Prioriteringane i Kommunedelplan for idrett- og friluftsanlegg vil vera avgjerande for kva kommunen vil med idrettssatsinga i åra framover. Høyringsfasener viktig og det vil vera ein føremon om idrettsmiljøet i Uskedalen med sine merknader står fram med eit samla syn.

Ei lokal arbeidsgruppe i Idrettslaget skal fram til årsmøtet vurderer tiltak i høve til bruk av grusbanen og arealet rundt.

Kva med kunstgras på grusbanen ?

Kva med utfasing av Heio ?

Kva med omregulering av grøntareal ved grusbanen til bustadføremål ?

Kva om kommunen eig og driv Aktivitetshuset ?

Ja, dette var nokre av spørsmåla som vart lufta på møtet.

Aktivitetshuset med snart 10 års drift krev om kort tid store vedlikehaldskostnader.

Ein av tilsaman 6 nyvalde politikarar frå Uskedalen møtte og var med i drøftinga.

Tekst: Kristian Olav Bringedal